



DEN NORSKE KYRKJA

Skodje sokneråd

Innkalling til møte

Du blir med dette kalla inn til møte i

Utval: Skodje sokneråd

Møtedato: 12.01.2023

Møtetid: kl. 19:00

Møtestad: Skodje rådhus

Meld frå om eventuelt forfall.

Forfall meldt: Karin Margrete Vik

Desse møtte:

Arnstein Sæthre, Tove Solheim Kristensen, Kristine Oksavik Sve, Elisabeth Bjørdal Leine, Ole Karsten Honningdalsnes, Jan Løkkeborg, Anne Lovise L. Løvås

7 voterande

Saksliste:

Godkjenning av innkalling og referat

Vedtakssaker:

Sak 1/23: Orienteringssaker 12.01.22

Sak 2/23: Val av leiar og nestleiar

Sak 3/23: Fritak for medlem i Soknerådet

Sak 4/23: Budsjett 2023

Sak 5/23: Vedtak om dagleg leiar for Skodje

sokn. Vedtak om signaturrett og prokura

Sak 6/23: Nominasjonskomitè for kyrkjevalet 2023

Sak 7/23: Konfirmantfest

Sak 8/23: Årshjul

Sak 9/23: Kyrkjelydsbasar 2023

Sak 10/23: Prosesjonskors

Vel møtt!

Anne Lovise L. Løvås
leiar

Saksnr	Sak	Møtedato
01/2023	Orienteringssaker 12. januar. 2023	<<MøteDato>>

Saksframstilling

1. Medarbeiderfest på Brusdalsheimen 31.januar kl 18:00. Påmelding til soknepresten innan 20. januar.
2. Det kom inn to søknader på stilling som kyrkjelydspedagog. Dessverre var ingen av dei vurdert som kvalifisert for stillinga. Stillinga blir dermed lyst ut på nytt.
3. Sak 5/23 om korrigering av Gudstenesteliste utgår. Det vert kun ei endring i vedteke gudstenesteplan; Gudstenste 13/8-23 vert kveldsgudsteneste.
4. Informasjon frå stab.
5. Informasjon frå råd og utval.
6. Nytt frå fellesrådsrepresentanten.

Forslag til vedtak.

Soknerådet tek orienteringssakene til vitande.

Saksnr	Sak	Møtedato
02/23	Val av leiar og nestleiar	<<MøteDato> >

Saksframstilling:

Leiar og nestleiar av soknerådet skal veljast kvar år. Anne Lovise L. Løvås stiller til attval som leiar og Arnstein Sæthre tek attval som nestleiar ut perioda.

Forslag til vedtak: AU ser at kontinuitet er viktig, Leiar og nestleiar stiller til gjenval for 2023. Det blir halde skriftleg val.

Vedtak:

Ved røystinga fekk Anne Lovise Løvås 6 røyster, og Arnstein Sæthre 1 røyst.

Anne Lovise Løvås vert vald til leiar for 2023.

Val på nestleiar: Arnstein Sæthre fekk 6 røyster, Anne Lovise Løvås 1 røyst.

Arnstein Sæthre vert vald til nestleiar for 2023.

Saksnr	Sak	Møtedato
03/23	Fritak for medlem av soknerådet	<<MøteDato> >

Saksframstilling:

Soknerådsmedlem Karin Margrete Vik har sendt epost til leiaren der ho melder frå om at ho ikkje ser det som naturleg å fortsette som medlem av Skodje sokneråd no som ho er flytta frå soknet. Ho vil likevel vere med å hjelpe til med fasteaksjonen og med kyrkjebasaren.

Samrøystes vedtak:

Karin Margrete Vik får fritak som fast medlem av soknerådet ut perioden. Soknerådet er takksame for hjelp med basar og fasteaksjon.

Saksnr 04/23	Sak Budsjett 2023	Møtedato <<MøteDato> >
-------------------------------	------------------------------------	-------------------------------------

Saksframstilling:

Framlegg til budsjett er sett opp etter beste skjønn med utgangspunkt i rekneskapen for 2021 og budsjettet for 2022.

Det er forventet halvering av inntektsposten «betaling frå deltakarar», ettersom det i år neppe vert konfirmanter, og betalinga såleis bør setjast noko lavare.

Basarinntektene er forventet likt med 2021, altså 70.000 kroner. Vidare er posten for «tilskot/gåver frå andre» auka frå 120.000 i rekneskapen for 2021 til 140.000 i budsjettet for 2023. Dette krev ein styrka innsats for å få med fleire i givartenesten.

Frå disposisjonsfondet, som truleg er på rundt 30.000 kroner, er det foreslått brukt 6.300 kroner. Inntektsposten «tilskot frå staten/kyrkjerådet» er budsjettert med 0 i 2023. Dette var truleg eit eingongstilskot i 2021 som kompensasjon for meirutgifter i samand med pandemien.

På utgiftssida er det funne rom til «musikartenester» med 12.000 kroner, og «opplæring/kurs» med 10.000 kroner. Sistnemnde gjeld medarbeidarfest.

Utgiftsposten «anna forbruksmateriell» er redusert med ein tredel frå 2022-budsjettet. Til saman på dei to postane for forbruksmateriell (postane 1100 og 1200) står det likevel 40.000 kroner.

Framlegget til budsjett byggjer delvis på synsing, ettersom undertekna ikkje har tilgang på dei komplette rekneskapstala korkje for 2021 eller 2022. Det bør likevel kunne vere brukande som eit styringsdokument som seier at vi vil styrke innleigde musikartenester, arrangere medarbeidarfest og satse på auka givarteneste.

Skodje, 6/1-23
Arnstein Sæthre

Samrøystes vedtak:

Skodje sokneråd vedtek budsjett for 2023 som vist i vedlegg til saka. Budsjettet balanserer med 392.300 kroner i inntekter og utgifter, og føreset bruk av 6.300 kroner frå disposisjonsfond.

Vedtak:

Saksnr 05/23	Sak Vedtak om dagleg leiar for Skodje sokn. Vedtak om signaturrett og prokura	Møtedato <<MøteDato>
-------------------------------	--	--------------------------------

Saksframstilling:

I samband med omorganisering av Ålesund kyrkjelege fellesråd må Skodje sokneråd oppnemne ny dagleg leiar for Skodje sokn.

Åsrun Håvik har gått over i ny stilling og er ikkje lenger dagleg leiar. Kristin Smehus har gått inn i stillinga som rådgivar for sokna i Ålesund kyrkjelege fellesråd og har tatt over økonomioppgåver for, og oppfølging av sokneråda.

Kristin Smehus må derfor registrerast som dagleg leiar for sokna i fellesrådsområdet i Brønnøysundregisteret. Dette for å kunne utøve dei administrative og økonomiske oppgaver for sokna som er lagt til stilling.

For framtida vil då dette gjelde for Skodje sokn:

Signatur: Dagleg leiar og soknerådsleiar (styreleiar) i fellesskap.

Prokura: Dagleg leder eller soknerådsleiar (styreleiar) kvar for seg.

Forslag til vedtak

Skodje sokneråd oppnevner Kristin Smehus til ny daglig leder for Skodje sokn [org.nr.](http://org.nr) 976 996 925 frå 12.01.2023

Framlegg frå Arnstein Sæthre:

Kristin Smehus og soknerådsleiar i fellesskap får signaturrett på vegne av Skodje sokn.
Kristin Smehus eller soknerådsleiar får prokurarett kvar for seg.
Skodje sokn har ikkje dagleg leiar.

Framlegget frå Sæthre vart samrøystes vedteke.

Saksnr	Sak	Møtedato
06/23	Nominasjonskomitè soknerådsva 2023	<<MøteDato> >

Saksframstilling:

Val av nytt sokneråd for perioda 2024 – 2028 skal arrangerast i september i år. Nytt Sokeråd inntre 1.desember 2023. Det er viktig å gjere eit grundig arbeid med å få kandidatar til å stille til val. Dei som kan veljast er alle som har stemmerett ved valet og som fyller 18 år i valåret. AU har drøfta forslag til personar som ein kan spørje om å vere i nominasjonskomitè. Medlemar i sokerået som ikkje tek attval, blir oppfordra om å vere i nominasjonskomitèen. Kristine Oksavik Sve er førespurd å delta i nominasjonskomitèen.

Det vert halde valkurs for sokneråda den 11. jauar. Leiar samt eit medlem til frå sokenrådet stiller på dette kurset, der vil vi etterspørje skriftleg materiell/informasjon til hjelp for Nominasjonskomitè.

Forslag til vedtak:

Soknerådet oppmener ein nominasjonskomitè som snarleg kan starte arbeidet med å rekruttere kandidatar til nytt sokneråd. Leiar kallar inn til første møte i valkomitèen.

Desse vert valde til nominasjonskomite:

Kristine Oksavik Sve

Eirik Tronstad

Kari Nina Stette

Anne Lovise Løvås

Anne Lovise Løvås kallar inn til det første møtet i nominasjonskomiteen.

Saksnr.	Sak	Møtedato
07/23	Konfirmantfest våren 2023	<<MøteDato> >

Saksframstilling:

Årets konfirmantkull er stort, over 70 konfirmantar. Å arrangere fest for over 200 personar vil krevje eit stort lokale, t.d idrettshallen. Dette vil krevje mykje rigging og tilordning. Førre året forsøkte vi å gjere serveringa enklare, ved å nytte kantina i Gomerhuset, og ha programmet inne i kultursalen. Dette fungerte på eit vis, men likevel ikkje så høgtidsstemt.

Samrøystes Vedtak:

Soknerådet finn det utfordrande å lage eit opplegg som konfirmantane opplever fengande, i tillegg til at vi har for lite ressursar til å gjennomføre eit så stort arrangement. Soknerådet arrangerer ikkje konfirmantfest i 2023.

Soknerådet vil i staden legge ressursar i å hente musikalske krefter for å gjere samtalegudstenesta til eit høgdepunkt.

Vedtak:

Saksnr.	Sak	Møtedato
08/23	Årshjul	<<MøteDato> >

Saksframstilling:

Vedlagt innkalling er årshjul som viser dei faste aktivitetane som involverer sokenrådet i 2023.

Forslag til Vedtak:

Sokneårdet tek årshjulet til vitande.

Saksnr.	Sak	Møtedato
09/23	Kyrkjelydsbasar 11. mars 2023.	<<MøteDato> >

Saksframstilling:

Bedehuset er bestilt 11. mars. Soknerådet vil sende ut skriv til bedrifter i bydelen vår med oppmoding til bedrifter med tilknytning til soknet/bydelen om å gi ein pengesum eller gevinst til årets basar.

AU føreslår å arrangere basar etter same mal som før. Loddosal bør starte frå 1. februar. Medlemane sokerådet får tildelt tre aktuelle aktørar å forespørje om gevinster.

Komitèane blir oppmoda om å halde komitèmøte så snart råd. Leiar søker lotteritilsynet, samt kjøper inn og organiserer basarbøkene.

Program: Valle barnekor og Sanctus blir førespurd om å delta.

Komitèar:

Kafè:

Lodd:

Program:

Elisabeth
Tove
Nora
Karin Margrete

Kristine
Arnstein
Ole Karsten
Jostein

Anne Lovise
Jan
Inger Kristin

Forslag til Vedtak:

Saksnr	Sak	Møtedato
10/23	Prosesjonskurs.	<<MøteDato> >

Saksframstilling:

Skisseteikningane frå Kunstnar Kjell Gunnar Overøye er vedlagt innkallinga. Leiar har utfordra nokre personar i soknet som har særleg interesse for kunst generelt og kyrkjekunst spesielt. Desse har kome med uttaler om dei ulike alterniva som Overøye har sendt oss. Det er aktuelt å søke Bispedømet om vekstmidlar til støtte for kyrkjekunst. (OVF-midlar) I tillegg må ein kanskje ha ei særskild innsamling av pengar, i soknet.

Vedtak med 5 mot 2 røyster:

Soknerådet har etter avstemning landa på skisse nr1. og ber Overøye om eit prisoverslag på dette. Det vert søkt om vekstmidlar frå Bispedømet. AU står for den vidare kommunikasjonen og forhandlingar med Overøye.

2 røysta for skisse nr. 4. Elles som fleirtalet.

Møtet slutt 21.45